

Lokal læreplan

Dans

Teater

Visuell kunst

Musikk
Band

Midt-Telemark
kulturskole



Planen er resultat av eit samarbeid- og utviklingsprosjekt mellom kulturskolene i Nome og Midt-Telemark med mål om lokalt forankra læring. Arbeidet er støtta av Norsk kulturskoleråd i tråd med målsetting om interkommunalt samarbeid for utvikling av lokale læreplaner.

Prosjektgruppe :

Guri Røsok og Sverre Jacobsen v/ Bø kulturskole
Cedomir Popadic v/ Nome kulturskole
Hilda Sørum v/ Sauherad kulturskole
Ingrid Holmboe Høibo v/ Universitetet i Sørøst-Noreg

Plan, tekst og regi :

Guri Røsok, Sverre Jacobsen og Ingrid Holmboe Høibo
i samarbeid med kulturskolelærarane ved Midt-Telemark kulturskole

Utforming, illustrasjon og design : Ingrid Holmboe Høibo

Trykk : Superlativ Media AS

Foto : Øystein Akselberg, Marta Kjøllesdal, Gro Røiland, Hanne Oellingrath og
Midt-Telemark kulturskole





Innhold

Velkommen	s. 4
Visjon	s. 5
Om kulturskolen	s. 7
Tilbod i kulturskolen	s. 9
Kart	s.10
Årshjul	s. 11
Om undervisninga	s. 14
Tips til øving	s. 15
Band grunnnivå	s. 17
Band vidarekomen	s. 19
Repertoarliste	s. 21
Utstyrsliste	s. 23
Eigne mål	s. 24
Notater	s. 25
Baklomma	s. 28





Velkommen

Velkommen som elev i Midt-Telemark kulturskole

Midt-Telemark kulturskole tilbyr aleine, eller i samarbeid med frivillige lag, undervisning i musikk, dans, visuell kunst og teater til barn og ungdom i kommunen.

Midt-Telemark kulturskole er ein viktig kulturinstitusjon i kommunen. Elevar og lærarar skapar og deltek på ulike konserter og forestillingar gjennom heile året i ulike produksjoner og oppsettingar. Nokre elevar vel å satse vidare på musikk/dans/drama på vidaregåande og deretter høgare kunstutdanning, mens dei fleste er innom kulturskolen for å ha en fritidsaktivitet.

Kulturskolen har sidan 1997 vore eit lovpålagt kommunalt tilbod gjennom Opplæringslova § 13-6:

Alle kommuner skal, alene eller i samarbeid med andre kommuner, ha et musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet ellers.

Undervisninga i kulturskolen går i hovudsak føre seg på barne- og ungdomsskolen på Gvarv, Evju bygdetun,

Sandvin eller i Gullbring kulturanlegg i Bø. Kulturskolen samarbeider med SFO.

Folkemusikken og dansen har lange tradisjonar og er djupt forankra i folkekulturen i vår kommune. Dette har kulturskolen eit spesielt ansvar for å bringe vidare til kommande generasjoner.

Kulturskolen skal være ein trygg og sosial møteplass på tvers av alder, krinsar, kjønn og etnisitet. Dette arbeider kulturskolen kontinuerlig med ved å fokusere på trygge rammer rundt lokale der elevane kan møtast, og lærarar som kan fremme trivsel, læring, meistring og tilhørighet.

Vi håpar du vil ha glede, nytte og oppleve meistring og utvikling ved å være elev i Midt-Telemark kulturskole

Guri Røsok, rektor ved
Midt-Telemark kulturskole





Møteplass
Fellesskap
Vener



Vekst og utvikling
i samarbeid med
frivillig kulturliv og
skole



Om kulturskolen

Rammeplan for Midt-Telemark kulturskole er vedtatt i kommunestyret, og planen finn du på: kulturskoleradet.no/rammeplanseksjonen/rammeplanen

Organisering

Midt-Telemark kulturskole er organisert under kommunalområde samfunnsutvikling og eining for kultur og fritid. Kulturskolens visjon og mål er forankra i samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2019-2031.

Verdiar

Kulturskolen byggjer på samfunnsverdiar som fellesskap, ytringsfridom, menneskeverd og demokrati. Kulturskolen skal vere inkluderande. Kunstfaga er eit verktøy til den enkelte elevs personlege utvikling, samtidig med at kunstfaga har sin eigen verdi.

Kulturskolen skal vere open og inkluderande, men også imøtekomme og legge til rette for elevar med særleg interesse og motivasjon.

Kulturskolens ambisjonar

Midt-Telemark kulturskole tilbyr kvalifiserte lærarar, gir tilpassa undervisning, legg vekt på elevens ønskjer, tilbyr eit mangfold av disiplinar og sjangrar.

Kulturskolen er ein viktig møteplass for barn og ungdom i kommunen, og er ein arena for utvikling av kunstfaglege ferdigheter, fellesskap og venskap. Gjennom

ulike konserter, førestillingar og utstillingar blir samhald, samspel og opplevingar skapt. Opplevingar som er viktige for den enkelte elev og for lokalmiljøet vi tilhøyrer.

Faga i kulturskulen

Kulturskolen tilbyr undervisning i musikk, dans, visuell kunst og teater. Midt-Telemark kulturskole har eit særleg ansvar for å ivareta tradisjonsmusikken og folkedansen. Skjematiske visning av dei ulike faga og undervisningsstadene ser du på side 9 og 10.

Kulturskolen har tre ulike programval innan dei ulike disiplinane:

Breiddfe: Breiddefag er musikk/bilde i sfo-tida, teater, trommesirkel, folkedans/halling i Gullbring og på Evju bygdetun. I desse faga er det små krav til eigeninnsats heime.

Kjerne: Dei fleste av musikktilboda hører til under kulturskolen sitt kjerneprogram. Eigen innsats heime blir rekna med.

Fordypning: I Midt-Telemark kulturskole er det kun tilbod om fordjupning i folkemusikk og folkedans. Dette faget kan ungdom i alderen 13-20 år frå heile fylket søke på. Det blir sett høge krav til eleven sin motivasjon og eigen innsats.

For dei som ønskjer litt meir

Kulturskolen hjelper til med, og forsøker å stimulere interesserte elevar til å delta på aktivitetar og tilbod gjennom det fri-



villige kulturliv, andre kulturaktørar, eller oppfordrar til prøvespel til Sør-Norsk ungdoms-storband, delta i "Ungdommens musikkmesterskap" UKM, eller prøvespele til Talentutviklingsprogrammet på Norges musikkhøgskole i Oslo.

Læraren

Kulturskolelæraren skal ha kompetanse til å utvikle ein god relasjon til den enkelte elev. Læraren skal gjennom god relasjon med elevane, og solid fagleg kompetanse finne passande innhald og nivå på undervisninga. God dialog mellom lærar, elev og foreldre er viktig. Lærarane veksler mellom å kommunisere med heimen gjennom mail, telefon eller personlege møter.

Instrumentalundervisninga i

Midt-Telemark kulturskole blir organisert som ein-til-ein undervisning, i mindre grupper og/eller veksling mellom individuell og gruppe. Kulturskolen prøver stadig ut ulike modellar for undervisning, og arbeider for å få til mest mogleg samspel og samhandling innanfor knappe tidsressursar og rammer.

Større arrangement/konserter, utstillinger/forestillinger

I samanheng med større arrangement som juleshow, ulike temakonserter, «De unges arena» på Kroa i Bø, blir det lagt opp til tverrfaglege øvingar etter beskjed frå lærar.

Undervisning i Teater, dans og visuell kunst blir gitt i grupper, men kan i særlege tilfelle bli tilbuddt individuelt.

Samarbeidspartnarar

Kulturskolen samarbeidar nært med

ulike lag i kommunen om mellom anna lærarressursar og rekruttering.

- Alle på blåse og slagverkinstrument blir medlem i Bø skulemusikk. (Gjelde ikkje trommesettundervisning på Gvarv.)
- Alle elevar på hardingfele, samt folkedans/halling blir medlem i Bø juniorspelemannslag eller Nes nasjonale dansarring.
- Alle elevar på teater blir medlemmer i Bø ungdomslag.
- Kulturskolen har kontakt med flykningtenesta og PPT for å markedsføre tilbuda og tilrettelegge undervisninga.
- Kulturskolen har ansvar for og gjennomfører UKM (Ung Kultur Møtes) og lokal DKS (Den kulturelle skolesekken) Kulturskolen samarbeidar med grunnskole og fylkeskommunen om innhaldet i DKS.

Kulturskolen ønskjer også å tilby enkelte gratis aktivitetar til alle. Trommesirkel og folkedans/halling i Bø er eit gratis tilbod alle kan delta på. (Deltakarar på folkedans/halling må betale ein mindre medlemskontingent til laget.) Det finnes ei kontingentkasse alle laga i kommunen kan søke tilskudd frå.

Kvar elev har ein eigen plan for si undervisning som du finn i «Baklomma» i denne planen. Denne blir skifta ut gjennom året. Her legg vi også viktige beskjedar frå lærar.

Elevkontingent/fripllass

Økonomiavdelinga i kommunen sender ut faktura to gonger i året: oktober/november for hausten og april/mai for våren. Kulturskolen tilbyr fripllassar.



Tilbod i kulturskolen

Kunstfag	Sjanger	Disiplin	Lag
Musikk	Rytmisk	Gitar	
		Ukulele	
		Sang	
		Bass	
		Trommesett (kun Gvarv)	
		Band - gruppeundervisning	
	Tradisjons-musikk og dans	Hardingfele	Samspel i regi av Bø juniorspele-mannslag
		Folkemusikk fordjuping	
	Noteba-sert (klas-sisk musikk)	Piano	
		Messinginstrument	Samspel Bø skolemusikk
		Treblåsinstrument	
		Slagverkinstrument	
		Violin	
Visuell kunst	Musikk-grupper	Trommesirkel	
		Korps i skolen (kun Gvarv)	
		Musikk og bilde (SFO)	
		Bilde-målegruppe	
Teater		Barne og ungdomsteater	Bø ungdomslag
Dans		Moderne dans	
		Breakdance	
		Folkedans/ halling	Bø juniorspele-mannslag og Nes nasjonale dansarrang



Kor finn du tilboda

På Sandvin finn du


- Teater

På Bø skule finn du

- Musikk og bilde (SFO)

På Evju finn du

- Folkedans/ halling



I Gullbring finn du


- Gitar/ bass/ ukulele
- Song
- Band
- Hardingfele
- Folkemusikk
- fordjupning
- Piano
- Messinginstrument
- Treblåsinstrument
- Slagverkinstrument
- Trommesirkel
- Bilde-målegruppe
- Moderne dans
- Breakdance
- Folkedans/ halling


På Gvarv finn du

- Song
- Dans
- Trommesett
- Korps i skulen
- Piano
- Gitar/ bass/ ukulele
- Fiolin
- Messinginstrument
- Treblåsinstrument
- Bilde-målegruppe
- Musikk (SFO)



Årshjul









Om undervisninga

Instrumentalundervisning i kulturskolen høyrer inn under kjerneprogrammet og blir organisert på ulike måtar av den enkelte kulturskolelærarar og etter instrumenttype. Undervisninga blir i hovudsak organisert på denne måten, eller i kombinasjonar:

- Einetimar á 20 minuttar
- Einetimar i partalsveker og gruppemar i oddetalsveker (eller omvendt)
- Smågrupper i storleik på 2-5 elevar

Nokre lærarar bruker øve-skjema der eleven skal krysse av for dei dagane dei over. Avtal med den enkelte lærar kvar leksa til neste veke skal skrivast opp. For nokre elevar kan det vere hjelp i at foreldra er med på timen, for andre ikkje. Gjer avtale med læraren din om kva som vil vere det beste for dykk.

Undervisning i dans/visuell kunst/teater/sfo i kulturskolen høyrer inn under breidde eller kjerneprogrammet og er organisert i grupper. Dei yngste gruppene er å rekne som breiddetilbod. Gruppene med eldre elevar høyrer inn under kjerneprogrammet og stiller høgare krav til eigeninnsats. Gruppestorleiken vekslar frå mellom 5-6 elevar opp til 12-15. Gruppene er for det meste organisert etter alder, og progresjonen blir lagt opp etter dette. På teater er det berre ei gruppe, men elevane får tildelt ulike roller og funksjonar som er tilpassa den enkelte elev. Lærar har også i gruppeundervisning ansvar for individuell rettleiing.

Eigeninnsats

Utvikling av ferdigheitar og progresjon er avhengig av eigen innsats. Kulturskolen kan gi rettleiing, eller inspirere, men arbeidet må eleven gjere sjølv. Å spele, danse, måle eller drive med drama bør vere lystprega, men opp og nedturar i eigen utvikling og motivasjon kjem og går. Det er naudsynt at ungane får hjelp av foreldra til å finne fram til faste og gode øvingsrutinar. Rutine på speling/øving/trening heime kan innarbeidast ved å gjere det før eller etter skulearbeid, eller i samband med andre gjeremål. Det er lurt at for eksempel notestativ, instrument er lett tilgjengeleg, og oppbevarast på stader barnet likar å opphalde seg. Det er betre med ei kort øvingsøkt om dagen, enn ei lang øving like før ein går på time. Bruk gjerne nettstader som t.d. YouTube, Spotify for å høre musikken som skal øvast på eller sjå koreografi som skal lærast.

For elevar på bilde - ha gjerne blyant, papir og andre teiknesaker lett tilgjengeleg. Dansarar kan gjerne ta opp koreografi på timen med telefonen sin, for å kunne øve heime. Lærar legg ofte ut video av koreografien ein jobbar med på dansegruppa på intern facebookside.

Det er ikkje uvanleg at eleven ikkje har lyst til å øve/trene heime. Foreldra sin interesse for kva barnet held på er motiverande, særleg i starten. Det er med kulturskoleaktivitetar som med alt anna, jo meir ein over, jo betre blir ein. Meistring gir motivasjon!



Tips til øving!

- Anerkjenn det du får til/meistrar
- Repeter og automatiser det du allereie kan
- Bygg på det du kan med små nye element
- Bruk spesifikke ord når du vurderar eigne prestasjonar, ikkje kall noko därleg eller stygt
- Ta opp det du gjer, og sjå eller høyр på det
- Finn stader du likar å opphalde deg på når du øvar-trenar
- Snakk med lærar og finn fram til tidspunkt du skal øve på, og elles så ofte du vil
- Høyр på musikk-sjå dans-teater-kunst!

Du er ikkje ein därleg elev om du ikkje på magisk vis får til alt. Nokon trur at musikk, dans, kunst og teater er ferdigheiter nokon er fødd med og kaller det talent. Det ligg alltid mange timer repetisjonar bak ein kvar prestasjon.





Teknikk

Eleven skal lære seg:

Bandmedlemmene skal lære seg:

- Grunnleggende funksjon for deres instrument i en band-setting
- Analysere funksjonene gjennom lytting til eksisterende låter
- Analysere oppbygning av musikk gjennom lytting
- Forholde seg til akkordskjema og ”leadsheets”
- Bidra med utforming av figurer og akkorder i fellesskap
- Improvisere til akkordskjemaer
- Grunnleggende stilartsforståelse

Bandet skal jobbe med:

- Utfylle hverandre/finne sin plass i et lydbilde
- Utforske spillemåter som gjør helheten bedre
 - Samarbeide om å utforme gode fungerende komp
- Arbeide med sang, enstemt og fler-stemt

Repertoar

Tre hovedpilarer:

- Elevene finner låter de ønsker å spille (Covers)
 - Lage låter selv (en til to i året)
 - Lærer finner låter som gir passende utfordring i forhold til besetning og nivå.
- Samarbeid er et nøkkelord i bandundervisninga. Det viktigste er at bandmedlemmene spiller musikk de kan enes om å like. Dernest er det viktig at de benytter det de lærer til kreativt arbeid. Å kjenne til ulike sjangre og spillestiler innen ulik type rytmisk musikk er også et viktig mål.



Band grunnnivå

Lytte/ se/ oppleve/ erfare

Eleven skal:

- Gjøre seg kjent med låtene de skal spille med bandet sitt
- Forberede seg mellom bandøvelsene på den musikken som de til en hver tid spiller slik at bandet opplever jevn prosesjon
 - Lære seg å behandle utstyr og bidra i felleskapet med bæring og rigging

Utøve/ skape/ medbestemme

Eleven skal:

- Delta på det årlige juleshowet, og også andre konserter og arenaer gjennom semesteret som f.eks rytmisk konsert på kroa i juni



Teknikk

Bandmedlemmene skal lære seg:

- Videreutvikle ferdighetene fra grunnopplæringen
- Gå analytisk inn i mer komplekse lydbilder gjennom lytting og reproduksjon
- Jobbe mer med at de alene eller i felleskap ”plukker” låter
- Notere ned akkord-skjema og noter til egen og andres benyttelse
- Bidra med egne meninger og ideer inn i arbeidet med låter
- Større fokus på tekstarbeid

Bandet skal jobbe med:

- Mer komplekse og utfordrende låtmateriale som setter større krav til den enkelte instrumentalist; melodisk, akkordisk, rytmisk
- Improvisasjon over skalaer og solistik spill
- Større fokus på egenproduksjon av musikk

Repertoar

Større fokus på at repertoaret er elevstyrt:

- Bandmedlemmene må i større grad bidra med å finne egnert repertoar
- Bandet kan i større grad ”rendyrke” en stil/genre de føler seg hjemme i og ønsker å ”foredle”
- Enda større fokus på egenproduksjon av låter



Band viderekommande

Lytte/ se/ oppleve/ erfare

Eleven skal:

- Komme med egne bidrag hva gjelder cover-låter og egenproduksjon
- Bidra i låt-arbeidet med å komme med tekstmønster
- Videreutvikleferdighetene fra grunnopplæringen og ha større fokus på egenutvikling på instrumentet

Utøve/ skape/ medbestemme

Eleven skal:

- Delta på det årlige juleshowet, og også andre konserter og arenaer gjennom semesteret som f.eks rytmisk konsert på kroa i juni



Repertoarliste





Reperoarliste

22





Utstyrsliste

G

G

G

G

G



G

G

G

G

G

G

G

G

G





24










Baklomma



Fagplanen er utarbeidet av kulturskolen i Midt-Telemark
med støtte fra Norsk kulturskoleråd



Midt-Telemark Kulturskule

Besøksadresse: Gullbringvegen 34 (2.etg i Gullbring)

Adresse: Midt-telemark kommune, postmottak 83, 3833 Bø i Telemark

Telefon: 35 05 92 23 / 993 91 171

E-post: gurok@mt.kommune.no / sverja@mt.kommune.no

Web: www.midt-telemark.kommune.no

